



Vestland  
fylkeskommune

# Velkommen til Sogndal

Dialogkonferansen 15. og 16. september 2021



Dialogkonferansen er ein årleg møtestad for kommunar og fylkeskommunen der målet er fagleg oppdatering, nettverksbygging, motivering og inspirasjon til vidare arbeid med tilrettelegging for fysisk aktivitet. Andre regionale samarbeidspartnarar blir inviterte ut frå innhaldet i programmet.

Representantar frå kommen deltek i planlegginga av konferansen for å få eit best mogeleg program i høve dei utfordringane kommunane står ovanfor innan fagfeltet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Denne gongen er kommunane Sogndal og Øygarden i programkomitèen. Vi håpar at alle kommunane i Vestland finn programmet interessant og relevant i høve arbeidet med å skape ein Fysisk Aktiv Kvar Dag for sine innbyggjarar.

Målgruppa for konferansen er tilsette i kommunane som er ansvarleg for kultur, idrett og friluftsliv, folkehelse og plan. Tema endrar seg litt for kvart år, og vi ser gjerne at kommunane deltek med aktuelle representantar. Det er også nyttig for politisk nivå, for å få forankring og kjennskap til fagområde.


Deltaking på konferansen er gratis og Vestland fylkeskommune dekkjer kostnaden ved ei overnatting for inntil to deltakar frå kvar kommune. Vi overnattar på Quality Hotel Sogndal. Pris per person utover dette er kr 1 500,-.

Kostnad til reise t/r må dekkast av den enkelte kommune/ organisasjon for alle deltakarar. Det er bindande påmelding innan 18. juni, dei som melder seg på og ikkje møter opp må betale.

Vi oppmodar alle til å sjå nøye på programmet, og ta med sko og klede etter høve. Det er synfaringar ute på anlegg, både ved skular, idrettsparkar og friluftsområde. Vi har elektronisk påmeldingsskjema der du kan gje melding om særlege behov knytt til m.a. mat. Om din kommune har eit tiltak som har overføringsverdi til andre vil vi gjerne ha innspel på det i påmeldinga. Torsdag 16. september vil vi at kommunar og andre aktørar presenterer gode døme.

Ta kontakt med [Hanne Espe](#) eller [Eilif Rosnæs](#) om noko er uklårt eller de har spørsmål.

Elektronisk påmelding gjennom våre nettsider.



## Velkomen til aktive dagar i Sogndal!




<b>Mål:</b>	Fagleg oppdatering, nettverksbygging, motivasjon og inspirasjon
<b>Målgruppe:</b>	Tilsette i kommunane som er ansvarleg for kultur, idrett og friluftsliv, folkehelse og plan. Det er også nyttig for politisk nivå, for å få forankring og kjennskap til fagområde.
<b>Stad:</b>	Sogndal

## PROGRAM

### Onsdag 15. september Møtestad Campus Sogndal

- |        |  |        |   |
|--------|--|--------|---|
| 10:00: | <b>Registrering og lett servering</b>  | 14:00: | <b>Kunnskapsgrunnlag og fysisk aktivitet</b><br>v/ Sogndal kommune  |
| 11:00: | <b>Velkomen til Sogndal</b><br>v/ ordførar Arnstein Menes<br>Idrett og friluftsliv som del av samfunnsutviklinga i Sogndal | 14:30: | <b>Nyskapande friluftsliv – Sogndal som stisykkel-destinasjon</b><br>v/ Eilif Rosnæs, Sogndal kommune                                 |
| 11:20: | <b>Helsing frå Utval for kultur, idrett og regional utvikling</b>  | 15:15: | <b>Synfaring i saftbygda</b><br><b>Campus Sogndal</b><br><b>Trudvang skule,</b><br><b>SEFAL/Trudvangmodellen</b><br><b>Fjordstien</b> |
| 11:30: | <b>Status på område</b><br>v/ seksjonssjef Britt Karen Spjeld  | 17:00: | <b>Innsjekk og pause</b>  |
| 12:15: | <b>Bli kjent med nye kollegar!</b>   | 18:00: | <b>Avreise til Camp Sogndal på Sogndal skisenter</b>  |
| 13:00: | <b>Lunsj med informasjon om Campus Sogndal</b>   | 20:00: | <b>Middag</b><br><b>Vestlandsquiz</b>   |



**Torsdag 16. september**  
**Stad: Quality Hotel Sogndal**

07:00: **Aktiv kvar morgon**

08:30: **Gode døme, korte innlegg frå ulike aktørar og kommunar**

09:30: **Parallele sesjonar**

- **E-sport**
- **Padleled i Vestland**

10:00: **Pause**

10:15: **Spelemidlar**

11:45: **Lunsj**

12:45: **Spelemidlar fortset**

13:30: **Pause**

13:40: **Temadiskusjonar i mindre grupper:**

- **Rehabilitering av anlegg**
- **Vedlikehald av anlegg**
- **Universell utforming av anlegg**

14:50: **Oppsummering og vegen vidare**

v/ Hovudutval for kultur, idrett og integrering



**Takk for denne gong!**